

09.11.2015

Ordførar og rådmann i alle kommunar i Sogn og Fjordane
Fylkesordførar og fylkesrådmann i Sogn og Fjordane

Arbeidet med psykisk helse

I desse dagar vert Statsbudsjettet for 2016 lagt fram. Vi ser at det mellom anna vert lagt opp til ei viktig satsing på psykisk helse.

Til eikvar tid vert det rekna med at mellom 15-20 % av alle barn mellom tre og 18 år har nedsett funksjon grunna psykiske lidingar som angst, depresjon og atferdsproblem. Vi har sidan 1998 sett ein auke på nærmere 50 % som brukar antidepressiva i aldersgruppa 15 til 19 år. All forsking tyder på at det er viktig å sette inn tiltak tidleg for å førebygge samt for å hindre at symptomata vert kroniske.

Dei økonomiske ressursene som er tiltenkt arbeid med psykisk helse i statsbudsjettet er frie midler til kommunane. Vi kjenner til utfordringane kommunane står overfor når det gjeld kommuneøkonomien, og forstår kor vanskeleg det kan vere å få alt til å gå i hop. Men vi vil rá kommunane til å gjøre det dei kan for å styrke og utvikle sine tenester retta mot barn og ungdom som går på psykisk helse.

Psykiske lidingar i barne- og ungdomsårene ser ut til å ha meir vidtrekkande negative konsekvensar enn somatisk sjukdom (Goodman, 2011; Delaney, 2012).

Psykiske plager og lidingar i barne- og ungdomsåra aukar risikoen for:

- Fråfall i skulen
- Vanskår i høve arbeidsmarknaden
- Økonomiske vanskår
- Vanskår i nære relasjonar
- Dårlig psykisk og fysisk helse senere i livet
- Rusmisbruk

Kjelde: (McCarty, 2008, Odgers, 2008, Goodman, 2011)

Vi håpa de prioriterar å sjå over arbeidet som vert gjort i kommunane, og gjer naudsynte prioriteringar for å styrke arbeidet med unge si psykiske helse.

Med venleg helsing

Sogn og Fjordane Røde Kors
v/ Synøve Sande, distriktsleiar

Sogn og Fjordane Røde Kors

Post: Postboks 6585, 6800 FØRDE
Besøk: Langebruvegen 28
Fakturering: Sogn og Fjordane Røde Kors,
Postboks 6585, 7439 Trondheim

Bank: 3700 20 27616 **Tlf:** 05003
Post: 0802 57 98350 **Faks:** 57 72 31 31
Org.nr: NO 864 139 442 **Web:** <http://www.redcross.no/sognogfjordane>
E-post: dk.sognogfjordane@redcross.no



Norges Røde Kors er en del av
Den internasjonale Røde Kors-
og Røde Halvmåne-bevegelsen

Kjelde:

1. Psykisk helse hos barn og unge – folkehelserapporten 2014

http://www.fhi.no/eway/default.aspx?pid=239&trg=Content_7242&Main_6157=7239:0:25,8904&MainContent_7239=7242:0:25,8906&Content_7242=7244:110703::0:7243:12::0:0

Sogn og Fjordane Røde Kors

Post: Postboks 6585, 6800 FØRDE

Besøk: Langebruvegen 28

Fakturering: Sogn og Fjordane Røde Kors,
Postboks 6585, 7439 Trondheim

Bank: 3700 20 27616

Post: 0802 57 98350

Org.nr: NO 864 139 442

Tlf: 05003

Faks: 57 72 31 31

Web: <http://www.redcross.no/sognogfjordane>

E-post: dk.sognogfjordane@redcross.no



Norges Røde Kors er en del av
Den internasjonale Røde Kors-
og Røde Halvmåne-bevegelsen